

Referat, styremøte 18. og 19. januar 2012

Stad: Britannia Hotel Trondheim

Tilstade: Karin Gjelsten, Torleif Lind, Tore Somdal Aamodt, Ketil Jensen, Ann Tove Manshaus, Einar Terjesen, Berit Stie, Inger Lene Nytingnes (sekr/ref).

Sak 1. Orientering om planlegging av LLP og HIOA sitt forskingsseminar i Trondheim 23. april 2012

LLP sitt sekretariat har delteke på to møter i samband med planlegging av forskingsseminar i Trondheim. Seminaret skal arrangerast 23. april og vil bli ein før-konferanse til LLP sitt jubileumsseminar 24. – 25. april. Arrangementet vil vere eit samarbeid mellom LLP og Høgskolen i Oslo og Akershus (HIOA). Gudmund Valderhaug har delteke på begge møta som representant for HIOA, og Anne Aune (Hordaland Fylkesarkiv) har delteke på eitt som medlem av arrangementskomiteen for seminaret.

Rammer for samarbeidet, praktisk gjennomføring av arrangementet og eventuelle foredragshaldarar har vore diskutert på møta. Det er lyst ut ein «Call for papers» - invitasjon til å halde foredrag – på LLP sine nettsider og til alle medlemmer av LLP.

Vedtak: Styret tek orienteringa til følgje.

Sak 2. Fordeling av oppgåver til LLP sitt jubileumsseminar 24. – 25. april 2012

Styret diskuterte gjennomføringa av jubileumsseminaret. Mottaking vil foregå på kvelden 23. april på arkivsenteret Dora. Alle tidlegare leiarar av LLP skal inviterast og bli spurde om å bidra med tekst om si tid som styreleiar.

Styret diskuterte ulike tema for seminaret og eventuelle foredragshaldarar. Det vart og diskutert kostnader og evt. dekking av konferanseavgift for foredragshaldarar og tidlegare leiarar.

Sak 3. Henvendelsar vedk. prosjektmidlar knytta til LLP sine prosjekt og utval.

LLP har motteke to henvendelsar:

LLP har fått ein søknad om kr 30 000 frå Marit Hosar (Opplandsarkivet) og Ellen Røsjø (Oslo byarkiv) om arbeid med Nordisk antologi.

Ingrid Nøstberg har retta seg til LLP for å få ei avklaring om det vidare arbeidet i samband med prosjektet Fylkeskommunal administrasjonshistorie. Nøstberg seier seg villig til å vere prosjektleiar for evt. vidare arbeid, men det er behov for å opprette ei ny prosjektgruppe då fleire av medlemmene av den tidlegare prosjektgruppa ikkje lenger har høve til vidare deltaking.

Vedtak:

- Vedkomande søknad om løyvingar til arbeid med nordisk antologi syner styret til LLP si stipendordning. Styret finn ikkje å kunne innvilge søknaden utanfor rammene til denne.

- Styret ynskjer at prosjektet med fylkeskommunal administrasjonshistorie skal halde fram. Ein vil undersøkje om det er mogeleg å overføre prosjektet til ein institusjon som kan ta på seg arbeidsgjevaransvaret for prosjektet.

Sak 4. Organisering av LLP sine prosjekt og utval.

Styret ynskjer å ha ein gjennomgang av LLP sine prosjekt og utval. Styret ser at det er behov for å utforme premiss for desse, samt å få avklart kva mandat utvala har. LLP må vurdere si organisering.

Styret ynskjer ein gjennomgang av alle utvala, og vurdere om dei skal halde fram, eller om nokre bør avviklast. Det må og avklarast klårare retningslinjer for mandat til å opprette utval. Styret vurderar å be landsmøtet avklare dette.

Sak 5. Evt.

- Eit medlem av styret bad om at LLP vurderer å opne opp for at det er høve å melde seg inn i LLP som personleg medlem. Dette vil krevje ei endring av vedtektene og må i så fall meldast inn som sak for landsmøtet. Styret vil vurdere dette.